



## Medlemsblad nr. 78 — oktober 2024 — 20. årg.

Du kan få medlemsbladet tilsendt i papirformat – kontakt ein i [styret](#)

## Dobbel Godøy-suksess

Hausten har vist at interessa for turar i nærområdet er kjempepopulært. To turar med svært gode omvisarar er gjennomført. Begge hadde Godøya som turmål. Først ein tur med utgangspunkt i Valkvæ med mellom anna besøk hos Ørnulf Opdal, så ein Alnes-tur med historie og kultur.

Sjå reportasje frå turane side 5-7



Gjengen som var på tur til Alnes i strålende ver. (Foto: Knut Andre Haahjem)

### Slik blir framtida

Kan vi stole på at det offentlege løyser utfordringane som fylgjer med den aukande delen med eldre som treng hjelp i ein eller anna form? Kva er planen?

Dette er tema når kommunalsjef i Giske, Lene Overå kjem på møte i slutten av oktober. Møt opp.

Sjå side 4

LINDBAK

## Leiaren:

No er hausten godt i gang og med det aktiviteten i Ålesund Senioruniversitet (ÅSU) med temaforedrag, studiegrupper, kinotilbod og kafémøte. Ukrainaprosjektet går vidare for andre året med ekstern offentleg finansiering, men med stor dognadsinnsats frå ÅSU. Dette integreringsprosjektet, særleg retta mot flyktingar over 60 år, har gått gjennom sommaren med fleire arrangement, turar i nærområdet og språk-kafé lagt til Ålesund frivilligsentral.

For eigen del kjenner eg meg varm i trøya som ny leiari etter eit aktivt første halvår. Spørsmåla eg stilte meg om kva ÅSU er, er godt avklart. Og som ny leiari har eg blitt imponert over alle tilboda og den store frivillige innsatsen som i stort og smått blir lagt ned av våre eldsjeler. Det skjer noko stort sett kvar veke. Styremedlemene gjer ein stor og ikkje alltid så godt synleg innsats, kvar veke. Som ny i styret er eg mildt sagt imponert.

I formålsdokumentet til ÅSU er det gjort klart at vi skal vere eit universitet for den tredje alder, eller pensjonistlivet. Namnet senior**universitet** gjer det klart at vi vil lære og utvikle oss, halde ved like og utvide horisonten, alt dette i eit sosialt og lærande fellesskap. Styret har drøfta strategi og prioriteringar, ut frå formål og tilgjengeleg ressursar. Det vil seie det vi ut frå interesser og tilgjengeleg tid kan nå over. Så langt er vi einige om stø kurs for dagens tilbod. Men som senioruniversitet skal ambisjonane vere høge, og vi må vurdere nye tilbod og nye måtar å arbeide på. Vi er difor i dialog med NTNU Ålesund om å utvikle samarbeidet, men vil ta det steg for steg. Eit Einstein sitat til inspirasjon: «Any fool can know. The point is to understand.»

Vi er klar over at det er mange andre aktørar på området som pensjonistforeiningar, fagforeiningar med tilbod til pensjonistar, nasjonale digitale senioruniversitet og i desse dagar: Ålesund seniorfestival. ÅSU vil fylle sin plass mellom desse og vil gi meirverdi for sine medlemmar, gjerne også mange nye medlemmar.

Hausten sine temaforedrag, siste torsdag i månaden på NTNU Ålesund, starta i august med foredrag av Arne Opheim om «Besteforeldrerolla». No i september hadde vi politisk redaktør i Sunnmørsposten Jan Erik Røsvik om «Er eit stadig aukande mangfold av sosiale media og bruk av



Foto: Privat

kunstig intelligens ein fare for demokratiet?». Så i oktober kjem kommunalsjef i Giske kommune Lene Bjørlo Overå med «Kva kan vi i alderdomen forvente av det offentleg?». I november er turisme temaet med Tor Anker Skrede frå Visit Ålesund, før det tradisjonelle julemøtet med graut og underhaldning i desember.

Studiegruppene tilbyr eit sosialt og fagleg fellesskap. Her har vi grupper som har samlast over år, men der det kan vere plass til fleire. No har vi litteraturgrupper, spanskgruppe, kinogruppe og grupper for: engelsk litteratur, kunst, digital foto, bridle, natur og kultur (turar med presentasjon av lokalsamfunn i regionen), samfunnsgruppe, datahjelp og Byen vår. Men vi ønskjer gjerne nye grupper velkomme. Meld gjerne frå om det er forslag til nye grupper og/eller nye tema så vil vi prøve å få slike i gang. Det er flott om det melder seg personar som vil ta ansvar for å starte ei gruppe.

Forslag til temaforedrag og andre arbeidsmåtar er også velkomne. Kanskje seriar med foredrag?

Til slutt gler vi oss over at vi no kan ta i bruk nye lokale i Moa Helsehus, og studiegruppene får med det betre fasilitetar. Vi ønskjer også velkommen til ny redaktøren Kåre Sæter, tidlegare journalist i Sunnmørsposten og Aftenposten. Kåre står bak dette bladet saman med resten av redaksjonskomiteen Arne Vik og Grete Ertresvåg.

# Demokrati, media og KI

Aldri har vi hatt betre tilgang til informasjon. Og aldri har det vore vanskelegare å skilje fakta frå alternative fakta. Med dette utgangspunktet heldt Jan Erik Røsvik, politisk redaktør i Sunnmørsposten, eit svært engasjerande innlegg for Senioruniversitetet i september.



Foto: Arne Vik

Røsvik tok utgangspunkt i at i år, 2024, er det nasjonale val i meir enn 70 land. Meir enn halvparten av verdas folk har sjansen til å gå til valurnene for å seie si mening.

Likevel, mindre enn 8% lever land med fullt demokrati. I fleirtalet av landa (68) er det tilbakegang frå i fjar og nær 40% under autoritært styre.

Når det gjeld pressefridomen var Røsvik heilt tydeleg. Den er under press og den frie pressa har stadig vanskelegare arbeidskår. Dette gjeld og i det ein kallar demokratiske land.

- Den frie pressa vert i mange land stadig meir politisert. Dette ser vi svært klart i denne valkampen i USA. Dette kjem til uttrykk på mange måtar, seier Røsvik.

- Det er medviten undergraving av tilliten til media. Det er spreying av konspirasjonsteoriar og falsk informasjon. Dette vert ekstra forsterka av at algoritmar styrer mykje hos påverkingsaktørar.

- Dei nye mediekanalane skulle kanskje borge for meir demokrati og eit breiare ordskifte i det offentlege rom. Og det er ikkje tvil om at aldri før har så mange hatt så stor tilgang til å ytre seg. Men svært mange ytrer seg i det ein kan kalle «ekkokammer», altså stader der ein stort sett berre møter dei ein deler syn med. Denne polariseringa vert i tillegg forsterka av dei algoritmane som på våre vegner styrer kva vi skal få lettast tilgang til. Dette gir rom for manipulasjon og desinformasjon.

- Og kven har ansvaret for denne flaumen av informasjon og desinformasjon?

- Det enkle svaret er ingen. Ingen har redaktøransvar og blir stilt til ansvar.

Og kvar hentar vi vår kunnskap om samfunnet frå? Ei gransking Statistisk Sentralbyrå har gjort fortel dette om situasjonen i Norge no: 57 % har sosiale media som kjelde til nyheter,

1 av 3 unge vaksne følgjer ikkje nyheter på tradisjonelle media.

Sosiale media er kjelde til nyheter for 79 % av 16-24 åringer

Flest på Snapchat – så Instagram og TikTok.

Og midt i denne utviklinga har KI gjort sitt inntog. Her er viljen til å investere i den nye teknologien enorm. Utviklinga både teknisk, og når det gjeld talet på brukarar, aukar svært raskt. Det som synes heilt sikkert er at den nye teknologien kjem til å revolusjonere både arbeidsprosessar og vil utvikle seg til stadig nye områder.

Ser ein på korleis KI kan utfordre demokratiet slik vi kjenner det i dag nemner Røsvik ei rad områder.

- Automatisering av desinformasjon
- Svært truverdig falskt innhold
- Undergrev tilliten til sanninga
- Risiko for manipulering av val
- Dobbeltgjengrarar til seriøse media
- Verktøy til overvakning
- Lovreguleringa på etterskot

- Ord og  
bilde er  
kanskje dei  
farlegaste  
våpena vi  
har, og slik  
ein alvorleg  
trussel mot  
vårt  
demokrati,  
seier Jan  
Erik Røsvik.



Foto: Sindre Røsvik

# ÅSU temaforedrag torsdag 31. oktober

## Korleis blir framtida?

Det er eit stort spørsmål vi skal snakke om når Lene Bjørlo Overå, kommunalsjef for helse og omsorg i Giske kommune, kjem til møte i Senioruniversitetet i slutten av denne månaden. Det er ikkje «krig og fred» som er tema, men kva slags framtid som venter oss; som i framtida treng litt hjelpe eller assistanse av det offentlege. Ser ein litt overordna på det er dette noko som gjeld oss alle.

Lene Bjørlo Overå vil ta oss gjennom kva utfordringsbilde ho som fagperson ser føre seg. Men viktigare er at ho tek det vidare. Korleis kan ein gjere desse utfordringane om til mulegheiter både for kvar enkelt av oss, men og for storsamfunnet.

Overå vil snakke om kva dette vil krevje av planlegging frå våre kommunale styresmakter. Mange har utarbeid strategiar for dette. I foredraget vil kommunalsjefen i Giske kommune og ta dette vidare. Korleis kan strategiar verte aktive handlingar til beste for brukarane.

Eit sentralt spørsmål vil bli kva vi som enkeltindivid kan vente at det offentlege kan hjelpe oss med. Rett og slett: Kva kan vi forvente at kommunane kan stille opp med framover.

Lene Bjørlo Overå vil ta føre seg dette som ofte er opplevd som eit gap mellom forventningar og kva

kommunen kan levere. Og det er avgjort ingen grunn til å tru at denne problemstillinga vert mindre aktuell framover. Snarare tvert i mot.

Målsetjinga for dei fleste er å få bu trygt i sin eigen heim, seier Lene Bjørlo Overå.

Utfordringane er å finne dei gode løysingane.

Meir enn nokon gong tidlegare er dette løysingar vi må finne saman. Kva som er ei god løysing er svært individuelt, og ikkje minst, det er skiftande, både med helsetilstand, omsorgsbehov, og ulikt ut frå kva ein forventar det offentlege kan stille opp med.

Det vil utan tvil bli eit svært interessant foredrag for alle medlemmene våre i Senioruniversitetet når Lene Bjørlo Overå kjem på besøk i slutten av månaden. Då bør det ikkje vere ledige stoler i amfiet på NTNU.



Lene Bjørlo Overå, kommunalsjef Giske kommune  
(Foto: Privat)

## Berbart forsterkerutstyr for møter, turar m.m.



ÅSU lånte eit tilsvarende anlegg ved sommaravslutninga på Tuneset i vår. Der viste seg å verke framifrå. Lett å bruke med enkel av/på knapp og kontrolllampe for funksjon, og lett å bere med på guiderunden

Styret har kjøpt inn slikt utstyr som får plass i ei enkel veske og er til utlån. På bildet er rømmeboksen med for å gi rett inntrykk av storleiken. Foreløpig vil det stå nedst i skapet på møtekontoret på Spjelkavik omsorgsenter. Der ligg det også ei gul notisbok. La den ligge igjen i skapet for å vise utlån og erfaring med anlegget. Arne Vik




Ørnulf Opdal tok mot oss i atelieret sitt. Snakk om fargerik arbeidsplass. (Foto: Grete Ertresvåg)

## Godøya i ord og bilde

Turgruppa «Natur og kultur» innleia september med tur til Godøya. Dette var den første av fleire, som skal ta medlemmer i ÅSU med på ei rundreise i Giske kommune. Vertskap på turen var dei velkjende godøyingane Arne og Sylvi Tunheim. Med seg hadde det fleire gode hjelparar.

Første stopp var Valkvæhamna. Her fekk Arne Tunheim fortelje om den gongen det største fiskeværet mellom Bergen og Bud låg nettopp her. I dag er det ikkje mykje igjen av dette, men seint på 1800-talet og tidleg på 1900-talet var det eit yrande liv på Furkenholmen og i Valkvæhamna. Fiske har alltid vore svært viktig på Godøya og er det framleis, i dag med både store moderne båtar og fiskeindustri og store leverandørar av utstyr både til båtar og landanlegg.

Turen frå Valkvæhamna gjekk så og til ei av desse bedriftene, Breivik Mekaniske Verkstad. Gründer og dagleg leiar Ken Breivik tok imot, og kunne fortelje



Arne Tunheim – god og kunnskapsrik vert på Godøy-turen  
(Foto: Grete Ertresvåg)

om det mest moderne utstyret som finns for fiskeforedling til landanlegg både i ut- og innland og ikkje minst til fiskeflåten.

Breivik greidde å gjere det tydeleg for oss korleis desse svære maskinene fungerer og korleis dei i dag gjer arbeidsdagen om bord i ein moderne trålar til noko heilt anna enn det den ein gong var.

For mange var dette besøket eit av turens høgdepunkt. Her fekk vi verkeleg innsikt i kvar dagen til i ei av våre alle viktigaste næringar, spesielt på øyane i Giske kommune.

**Ørnulf Opdal** og bilda som han skaper er ved sidan av fisken den store «eksportartikkelen» frå Godøya. Besøket i atelieret til Opdal var nok eit høgdepunkt for mange. Å oppleve og få kunnskap om korleis han arbeider, få høre kvar inspirasjonen kjem frå og få høre om prosessen bak dei kjende verka var veldig kjekt.

Opdal arbeider gjerne med fleire kunstverk på ein gong, noko som veggane i atelieret bar preg av. Han spring ikkje rundt for å måle alle bilda på ein gong, men arbeider i ein prosess der han bygg opp bilda lag for lag. Her er det viktig at underlaget på verket er heilt tørt før neste lag skal på.

Og ideane han omset til bilde er henta frå naturen han har rundt seg. Lyset og fargane rundt oss klarer han å fange og omsette til magiske verk.

**Høgstein** fyr er eit viktig merke for sjøfarande, og at dette området har vore viktig lenge viser dei funna som er gjort i området. Gravrøysene på Høgstein har fanga nasjonal interesse og funn herifrå er i dag å finne både på Arkeologisk museum i Bergen og på Godøy kystmuseum. Utgravingane vert og aktivt nytta av skulen på Godøya.

Sju av dei elleve største gravrøysene i Møre og Romsdal finn vi i Giske kommune. Dette er spor av dei første fotefara på Sunnmøre. Dette vil bli tema og på fleire turar i Giske kommune.

Høgstein fyr vart bygd som innseglingsfyr for Breisundet, og ligg i enden på ein lang molo heilt sør på Godøya. Det er vart bygd i 1857 av fyrpioneren **Ole Gammelsen Mork** frå Volda. Dette var det siste fyret han bygde, og her var han tilsett som fyrmeister i 30 år. Fyret vart lagt ned og erstatta med ei fyrlykt i 1905.

Både plasseringa, og at det er brukt teglstein i tårnet, er så spesielt i norsk samanheng at fyret i dag er freda etter lov om kulturminne.

Bustadane som var knytt til fyret er i dag i privat eige. Her bur Marie og Sverre Løvoll. Dei var og vertskap i den gamle fyrmeisterbustaden der kaffi og nysteikte svele vart servert. Marie orienterte om arbeidet dei har lagt ned for å ha det slik det er i dag.

**HØGSTEIN GARD** er bruket på Høgstein. Her driv Odd Christian Stenerud saman med familien eit svært moderne og innovativt gardsbruk.

Dei fekk Miljøprisen i Møre og Romsdal i 2023, for å ha utvikla eit produkt som er basert på avfall frå fiskerinæringa, og som reduserer behovet for kunstgjødsel i landbruket. UREA GJENBRUK.

Historia og drifta av dette gardsbruket og utviklinga er omfattande orientert om på heimesida deira [www.hogsteinagro.no](http://www.hogsteinagro.no).

**Godøy Kystmuseum** er i dag drive som eit sjølvstendig museum og tek føre seg viktige deler av historia på Godøya. På loftet er det krigshistorie, i kjellaren fiskerihistorie, og i Oppigardstova er det lóshistorie. Lósane har hatt ein viktig plass i lokalsamfunnet på Godøya.

Dette var utan tvil ein tur som ga meir kunnskap til alle.

For endå meir kunnskap: Nytt heimesida til Godøy kystmuseum og Facebooksida til Godøy Kystmuseum.



Ken Breivik, dagleg leiar og eigar av Breivik Mekaniske  
(Foto: Grete Ertresvåg)

## STUDIEGRUPPA:

# Natur og kultur

<https://www.aasu.no/naturogkultur/>

Kor godt kjenner vi nærområdet der vi bor, naturen og kulturen rundt om i bygdene og på øyane og i nært omland.

Dette var tankane når denne gruppa vart etablert våren 2019.

Vi begynte i Haram kommune.

Den første turen gjekk til Lepsøya 5. februar 2019. deretter dei andre øyane.

- Haramsøya
- Longva
- Fjørtofta

Dei lokale kreftene var vertskap og vi var deira gjestar.

Etter ein runde på Nordøyane fortsette vi på fastlandet.

- Hildrestranda
- Søvika
- Eidsvika
- Tønnfjord
- Vatne
- Brattvåg

Etter eit opphold pga. Korona kom vi i gang att Hausten 23

- Store Kalvøy
- Ona
- Sandøy

Vertskapa har stilt «mannsterke» med privatbilar og guida oss rundt. Dei har gitt ei grundig innføring i heimstaden si historie, geografi, verdiskaping og samfunnet i dag. Eit felles måltid har alltid vore eit av høgdepunkta, før vi har avslutta dagen.

Interessa for å bli med på desse turane har vore over all forventning. Vi har sett ei grense på 25 personar, men langt fleire har ofte hatt interesse.

Tilbakemeldingane frå dei som har delteke har vore eintydig positiv. Mange har gitt tilbakemelding om at opplevelingane har gitt «meirsmak» og har reist tilbake saman med slekt og venner. Nokre har funne slektningsar dei ikkje visste og og andre har fått ny kontakt med tidlegare kollega og studievener.

Eit grunnleggjande prinsipp for dette turopplegget, er at både vertskap og gjestar skal føle at dei har gjensidig glede og nytte av det.

Spørsmåla har vore mange, om både folk og natur og vi har fått raust med ros og gode tilbakemeldingar frå gjestane våre: «*I evalueringa av besøka kom vi til at det var vi som hadde fått mest utbytte av besøket. Vi hadde blitt sett og verdsett; kjensler som menneske veks og utviklar seg på. Heimstaden vår hadde blitt sett og verdsett og vi hadde lært gjennom å førebu besøket og bli utfordra av gjestane ved gode og gjennomtenkte spørsmål og refleksjonar. Vi var so oppglødde at vi gjerne kunne ta imot eit besøk til.*»

Å bli betre kjent med ulike bygdelag i kommunen vår på denne måten er eit blinkskot. Det å besøkje kvarandre, byte på å vere gjest og vertskap, gjer noko med oss. Det aukar kunnskap og kjennskap. Det skapar band og nærliek. Det skapar respekt for levevis og lokalmiljø. Vi blir betre kjende og kjem nærmare kvarandre, og det er viktig når menneske skal bygge gode liv,- i ei ny kommune.

Frå hausten 2024 går turane til Giske kommune.

Den første turen gjekk til Godøya 3. sept. (sjå referat) og den andre til Alnes 1. september.



Høgstein fyr (Foto: Grete Ertresvåg)

# Kunstgruppa



Kunstgruppa i Ålesund Senioruniversitet har per dato rundt 40 medlemmer. Oppmøtet på samlingane varierer.

Dei møtest kvar tredje torsdag kl. 12.00, og besøker då ulike galleri eller kunstnarar i eige atelier, for det meste i byen, men vi har også reist litt i distriket. Innimellom blir det arrangert foredrag, og tidlegare i år var det «skulpturvandring» i bysentrum.

For å få betre innblikk vil kunstnaren sjølv eller ein tilsett frå galleriet guide oss. Dei fortel nærmere om kunsten vi ser, kva som har inspirert m.m.

Arbeidsgruppa organiserer samlingane og sender ut informasjon om innhold og møtestad rundt ei veke før samlinga. Vanlegvis er det berre å møte opp, men nokre gonger må det vere påmelding pga. avgrensa plass.

Medlemmane betalar 150 kr når arbeidsgruppa har behov for å fylle opp klubbkassa (ca. ein gong i året). Pengane blir brukt til «takk for oss»-blomster, honorar, inngangsbillettar og liknande.

Samlingane blir som oftast avslutta med kafébesøk.



Besøk i atelieret hos Inger Giskeødegård



Hos glasblåser Cornelia Skuggen.

Er du interessert, kan du bli med ein du kjenner i kunstgruppa for å teste ut, før du ev. melder deg inn, eller ta kontakt med arbeidsgruppa v/Jane Eltvik (951 10 247), Eva Nesbø (415 09 566) eller Gerd Veddegerde (920 97 466).

## Ukrainske eller andre seniorer som liker å spille bridge?

Gruppene bør selv organisere seg og samle de deltagere som ønsker å oppfriske gamle kunnskaper. Selvfølgelig er det en fordel at det er minst 1-2 som kan lære fra seg og finne ut hvilket «system» som passer for alle.

Dette vil foreløpig foregå på Spjelkavik Seniorsenter, hver torsdag fra kl. 14- 16, i de samme lokalene som Bridgegruppe 1, som spiller på mandager .

Vi har kort og utstyr og undertegnede som er gruppeleder for Bridgegruppe 1 , kan være til stede fra start så lenge det er ønskelig, eller til det evt. er valgt en ny gruppeleder.

På sikt, når vi snart får større lokaler, i gamle Helsehuset, kan de forskjellige gruppene konkurrere,... med «de samme kortene» .

Medlemskap i ÅSU er obligatorisk for deltakere i alle ÅSUs studiegrupper.

Hilsen Reidun  
Gruppeleder for Bridgegruppe 1

Reidun Falklev Breivik

995 42 165



Månedens bilde fra ÅSU Digital foto Høst på Skulstadhornet (Foto: Ragnhild Herje Johannessen)

## ÅSU Digital foto

**Målet** med digital foto er å gi medlemmene utvidet kunnskap om fotografiske virkemidler i et sosialt fellesskap.

**Verktøyet** er speilrefleks- og digitale kamera og mobiltelefonkamera. Utviklingen av smarttelefoner med svært gode kamera, gjør at de fleste av oss bruker dette i hverdagen. Vi har også et spesielt fokus på bearbeiding av bilder ved bruk av **bildebehandlingsprogram**, som Adobe Photoshop og FastStone Image Viewer. Alle har bærbare PCer med nødvendig programvare.

Vi samles hver annen uke (partallsuker) til læring og meningsutveksling. Møtene avsluttes med et sosialt treff på kafé i nærheten. Et par ganger i løpet av året blir det gjennomført en "fotosafari" i vårt nærområde. Dette er turer der vi har fokus på fotografering, og naturopplevelsen nytes sammen med det sosiale aspektet. Hvert semester avsluttes med et hyggelig måltid på kafé/restaurant.

**Møtene** skjer ved innkalling av gruppekoordinator. Innhold settes opp ut fra planlagte tema i plenum. Bildene lastes opp i vårt digitale arkiv, og vi tar for oss

bildene i plenum via projektor og lerret. Vi diskuterer, redigerer og gir hverandre tips ut fra våre fotografiske kunnskaper og erfaringer. Det lages bl.a. presentasjoner i tekst og bilder fra turene våre, og noen medlemmer har laget fotobøker. Vi er utfordret til å sende inn bilder til tidsskriftet vårt, og bildene vurderes da i plenum, redigeres og sendes inn. Grunnleggende fototeori er også tema på møtene. Vårt digitale arkiv med tekst og bilder, gir oss en innføring i fotokunstens mange muligheter til å ta og bearbeide bilder.

### Kontaktinformasjon

Vi er 13 faste medlemmer, og har plass til 2-3 til. Vil du bli en av oss eller ønsker å vite mer, ta kontakt med

### Gruppekoordinator:

Ragnhild Herje Johannessen, mobil 413 24 227.  
Email: [ragnhildhj@hotmail.com](mailto:ragnhildhj@hotmail.com)

### Møtested:

Moa kultursentrum (gamle Moa kino) torsdager i partallsuker 1030-1200

### «Månedens» bilde

ÅSU Digital foto leverer et utvalgt bilde til hvert nummer av Medlemsbladet

# Unik film frå unik mann

**Lengsel etter nåtid** er ein av ei rad filmar om Norge i den 2. verdskrig. Tysdag 15. oktober får vi i Senioruniversitetet besøk av mannen bak filmen, den svært erfarte regissøren Knut Erik Jensen.

Jensen kjem til Odeon kino på Moa for å vere saman med oss på heile arrangementet. Det opnar med ein presentasjon av mannen og filmen kl. 12.00. Så snurrar vi film frå 12.30 til ca. 14.30.

Etter filmen vert det tid til ein runde med kommentarar og refleksjon.

Filmen «Lengsel etter nåtid» hadde premiere i fjor. Dette framstår som ein film som skil seg ut frå hopen av filmar frå krigsåra. Dermed peiker den seg kanskje ut som den mest unike blant dei.

Vi følgjer ein ung kvinne gjennom nord-norske omgivnadar. Her veksler filmen mellom scener frå andre verdskrig – der ho må evakuere sørover – og scener frå seinare tid – der gjenoppbygginga er kome godt i gang, sjølv om det aldri blir det same. Vi får innblikk i viktige augeblíkk i både ødelegginga og gjenoppbygginga av Finnmark og Nord-Troms.

Knut Erik Jensen er etter kvart blitt ein godt vaksen mann. Med sine 84 år er han ein av dei eldste

filmskaparane her i landet og han har ei rad store suksessar bak seg. Aller mest kjend er nok filmen

«Heftig og begeistret», filmen om Berlevåg mannssangforening. Skildringa av nord-norsk lynne og natur vart her skildra på ein så nær måte at vi nesten vart deltagarar.

Dette er eit flott høve for alle til å få møte denne unike filmregissøren og få delta i tankane bak den nye filmen.



Knut Erik Jensen

kjem på besøk tirsdag 15. oktober

## Lengsel etter nåtid

Regi: Knut Erik Jensen

Sjanger: Drama

Skodespelarar: Ellinor Lilja Haug Jensen, Ellen Dorrit Petersen, Per Kjerstad, Kristian Johansen, Hege Aga Edelsteen, m.fl.

Språk: Norsk tale

Nasjonalitet: Norge

Speletid: 1t 54min. -Produksjonsår: 2023



## Treng du datahjelp? - Datakafeen på Rematun held fram

Etter to vellykka datakurs, eit i vår og eit i fjor haust (sjå Medlemsbladet nr. 76) er aktiviteten vidareført som datakafé på Rematun, kaféen ved Spjelkavik omssorgssenter. Møtetidene er dei same: annakvar tysdag i oddetalsveker, frå kl. 1000. Fram til 1130 vil hjelparane våre, både for Iphone/Ipad/Mac og Android Smarttelefon/Nettbrett og PC (Samsung, Huawei, Pixel etc.) vere til stades. På nettsida til datagruppene (<https://www.aasu.no/datagrupper/>) står det:

*Er du ny på smarttelefon eller nettbrett eller er det noko du lurer på og ønskjer svar på når det gjeld mobiltelefon, nettbrett eller PC? Eller kanskje du/dokke berre vil stikke innom av rein nysgerrigkeit og for sosialt samvær?*

*Efter at siste kurs var avslutta hadde vi eit tema for kvar*

gong, for kanskje å vekke interesse, men etter kvart var det færre som kom. No vil vi vidareføre kafeen som rein «support» og stikk-innom verksemd, og vi vil sørge for at det alltid er minst ein hjelpar tilgjengeleg, både for Iphone og Android.

Mange vil kanskje ønske eit nytt kurs, men det kan vi diverre ikkje tilby før dei nye lokala på det gamle helsehuset vert klare seinare på hausten. Vi vil sannsynlegvis lyse ut kurs før jul og starte kurset på nyåret.

I mellomtida kan du «lese deg opp» ved å møte på datakafeen og få kursheftet som vi brukar eller (få hjelp til å laste det ned frå: <https://www.aasu.no/datagrupper/>

# 20 år med blad

I år er det 20 år siden vi ga ut det første medlemsbladet. Den gongen var namnet på bladet «Midt i blinken» og ideen viste seg å vere akkurat det. Det har i alle fall blitt 20 år samanhengande med bladarbeid.

I 2004 var det eit medlemsblad for Pensjonistuniversitetet. Som kjent er også det namnet endra til Ålesund Senioruniversitetet, men ideen bak er den same. Det skal være ein møteplass og ikkje minst ein utviklingsarena og ei kunnskapskjelde for oss som har levd ei stund.

Dåverande leder, Sjur Brande sa det slik i sin «hilsen til medlemmene» i det aller første medlemsbladet i 2004:

«Pensjonistuniversitetet er Midt i Blinken for alle som har lyst til å gjøre noe med og for seg selv. Vi har tre tanker i vår egen grunnlov: Først og fremst å vekke lysten til å lære; dernest å gi pensjonister mulighet til å ta kontroll over eget liv; og ikke minst å være en sosial funksjon gjennom det å være med i et sosialt nettverk.»

Alle medlemsblada er no digitaliserte og er å finne på nettsida til Ålesund Senioruniversitet.

<https://www.aasu.no/medlemsblad/>

Her finns det mange perler, både når det gjeld bilde og tekst. Vel verdt å ta ein tur innom.

## Pengane er tilbake

No er pengane tilbake. Eller rettare sagt. No kan ingen nekte å ta mot kontantar som betaling i butikkar. Dette gjeld ved all handel men er avgrensa til beløp under 20.000 kroner.

Dette er no innført som eit resultat av endringar i i finansavtalelova, som vart vedteken i Stortinget på forsommaren.

Justis- og beredskapsminister Emilie Enger Mehl (Sp) seier at regjeringa har to mål med lovendringa. Det eine er å ta meir omsyn til folk som syns det er vanskeleg å bruke digitale betalingsmiddel. Det andre er å sikre beredskapen i tilfelle digitale betalingssystem bryt saman.

Med den nye lova kan ikkje salslokale nekte å ta imot kontant betaling – så lenge summen er under 20.000 kroner.

Advarsel: Det vil ta mykje lengre tid enn du trur. Her er mykje kjekt.



Hva kan gjøre pensjonisttilværelsen mere meningsfylt?

Les inne i avisas hva som skjer!

## I DAG GRATULERER VI OSS SELV!!

Pensjonistuniversitetet i Ålesund utgir sin egen avis

Dette blir vår tumlelass  
4 ganger i året.

Vil du bidra med innspill så er du hjertelig velkommen!

### HVA SKAL AVISA BRUKES TIL?

Informasjon om felles aktiviteter.  
Rapporter fra f.t. 9 studiegrupper.  
Aktuelle temaer.  
Pensjonistsaker.  
Førhåndsomtaler og referater fra forelesere.  
Aktuell lederartikkel.  
Dagens dikt.  
Bare fantasiens begrensning muligheten.

Les videre inne i avisas

På Peer Gynt-stemme til Gåta

I år arrangerer Ålesund Pensjonistuniversitet en busstur til Gåta for å oppleve forestillingen Peer Gynt på triulhusscenen ved Gålavatnet, og de 45 som ble med fikk en teater- og naturopplevelse som sent vil glemmes.



SE SIDE 2

Som pensjonist har vi endelig tid til å dyrke våre egne interesser.

Hvorfor ikke?  
Bli medlem du også.  
Hvordan? Se siste side

Sammen i Pensjonistuniversitetet blir det meste mulig!!

Litt av bakgrunnen for at ein no vel å styrke retten til å bruke kontantar er at så mange som 600.000 nordmenn er ikkje digitale, av ulike årsaker. Regjeringa meiner desse gruppene må ha same muligkeit til å betale for seg som alle andre.

Butikkar og utsalsplassar som nektar å ta imot kontantar, risikerer å bli bøtelagt.



Avsender: Øvre Geilegrend 46 – 6017 Ålesund

ÅSU Møteplan høsten 2024				Oppdateret: 08.10.2024 14:56		Sted/Måned		August		September		Oktober		November		Desember														
Gruppe	Gruppekontakt	Ansvar	Dag	Kl.		Uke→	31	32	33	34	35	36	37	38	39	40	41	42	43	44	45	46	47	48	49	50	51	52	1	
Bridge	Reidun Brevik 995 42 165	Grete	mandag	1400-1630	Spi. Seniorsenter					26?	2	9	16	23	30	7	14	21	28	4	11	18	25	2	9	16				
Byen vår	Lars Johan Huse 913 36 746	Anne	tirsdag	1000-1200	Friwilligcentralen					20		10			1		22				12									
Datakafé (åpen for alle)	Anne Vik 922 03 614	Anne	torsdag	1000-1200	Kafé Rematun					15		29		12	26		10		24		7		21		5		19?			
Digital foto	Ragnhild Herje Johannessen 413 24 227	Anne	torsdag	1030-1200	Moa kultursenter (gml. Moa kino)					22		5		19		3		17		31		14		28		12				
Engelsk litteratur	Åshild Longva 917 95 759	Grete	onsdag	1200-1330	Spijellaktiv seniorsenter					28		11		25		9		21			6		18		4		18			
Kino, Moa	Hilde Bjørlo 977 09 337	Grete	tirsdag	1200-	Odeon Kino					6		13		20		3		10		17		15		22		5		12		
Kunst	Jane Eitvik 951 10 247	Grete	torsdag	1200-1345	Etter avtale					5				26		onsdag 16.10.				7										
Litteratur 1	Åse Markeset 995 88 903	Grete	torsdag	1230-1400	Spijellaktiv seniorsenter					22		5		19		3		17		31										
Litteratur 2	Eline Britt Sæter 473 29 034	Grete	onsdag	1130-1300	Møterom Moa helsehus					21		4		18		2		16		30		13		27		11				
Litteratur 3	Liv Ingabrigtsen 915 57 760	Grete	mandag	1200-1345	Friwilligcentralen					26		9		23		7		21			4		18							
Natur og kultur-	Sørví Furnes 996 39 439	Anne	tirsdag	turer	Giske kommune					3				1																
Quo Vadis	Alfhild Hagen 454 36 677	Anne	tirsdag		Sanitetsforeninga																									
Samfunnsgruppa	Karl Johan Skårbrevik	Anne	tirsdag	1000-1130	Spijellaktiv seniorsenter					20		3		17		1		15		29		12		26		10				
Spansk videreg.	Åshild Nordhus 971 77 510	Grete	onsdag	1330-1500	Spijellaktiv seniorsenter					28		11		25		9		23			6		18		4		18			
Medlemsbladet publisering	Kåre Sæter 92 01 227																									X				
Studiutvalg	Anne Vik 922 03 614		tirsdag	1800-2000	NTNU m.fl.					29				26						31						28	5			
Medlemsmøter			onsdag	0900-1100	Spi. seniorsenter					21				18						23						20				
Styremøter	Sindre Røsvik 911 33 281		tirsdag	0930-1130	Egen innkalling															24										
Gruppeledermøte	Anne Vik 922 03 614																													

Gruppene er i ulik grad åpne for nye medlemmer. For å indikere tilgjengelighet har vi indikert tre "nivå": : åpen for nye medlemmer : ventelist : ventelist : tar ikke inn nye medlemmer

Studiutvalget: Anne Vik (studiekoordinator) ar-vik@online.no 92203614 - Grete Eitresvåg grete@ertresvaag.no 41622956 - Ragnar Johansen ragnar.johansen4@gmail.com 92608684  
[Møteplanen er tilgjengelig på nett på ÅSUs hjemmeside aasu.no \(STUDIEGRUPPER-> MØTEPLAN\):](https://www.aasu.no/studiegrupper-moteplan/)